



Barnefilmen Ernest og Celestine vert vist på Oska 27.desember.

SmakifråOska har det svært travelt no i førjulstida. Denne veka er det julebord og arrangement kvar dag frå mandag til søndag, og i går var det kompletorsdag med rekordframmøte. Når julehøgtida er over, vert det tid for litt andre arrangementstypar. Og Roy Lervåg har tankar om mykje spennande som kan skje på Oska.

Søndag 27.desember inviterer han til barnefilm og familiekos i samarbeid med Rosendal filmklubb. Då vert den supersøte franske animasjonsfilmen 'Ernest og Celestine' (med norsk tale) vist.

Barna skal sjølvsagt også få glede av Roy Lervåg sine kokkekunstar. Etter filmen vert det stort taco-buffet, og vi snakkar om ekte meksikansk taco a la Roy. Her ligg alt til rette for skikkeleg kos for heile familien. Når barna har det bra og kosar seg, gjer også vi vaksne det. All honnør til Rosendal filmklubb og Roy Lervåg som hugsar på borna på denne måten!

[Her kan det sjå ein 2 minnutts trailer frå filmen Ernest og Celestine](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland